



# Retningslinje for tildeling av omsorgsbustad i Lom kommune

Vedteke i kommunestyre 18.06.24. Sist oppdatert: Juni 2024

## Innhald

<b>Kapittel 1 – Innleiing .....</b>	<b>2</b>
<b>Kapittel 2 – Vilkår for tildeling av omsorgsbustad .....</b>	<b>2</b>
2.1 Innleiing .....	2
2.2 Bustadkommune.....	2
2.3 Nåverande butilhøve .....	2
2.4 Omsorgsbehov .....	2
<b>Kapittel 3 – Søknad og søknadsbehandling .....</b>	<b>2</b>
3.1 Søknad .....	2
3.2 Vedtak.....	2
3.3 Venteliste.....	3
3.4 Leigetid og oppseiing.....	3
3.5 Klagerett .....	3

## Kapittel 1 – Innleiing

Ein omsorgsbustad er ein tilrettelagt bustad for personar med eit omfattande helse- og omsorgsbehov. Omsorgsbustader er ikkje i seg sjølv ein omsorgsteneste, og reknast som ein ordinær utleigebustad. Bebuar i ein omsorgsbustad kan få tildelt kommunale omsorgstenester på individuell basis, slik andre heimebuande får.

Kommunen sitt ansvar for å bistå vanskelegstilte på bustadmarknaden er definert i Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) § 15 og Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet (boligsosial lov) §6. Kommunen pliktar ikkje å stille med ledig bustad, men skal gje naudsynt bistand, slik at dei som treng det kan skaffe seg eigen bustad.

## Kapittel 2 – Vilkår for tildeling av omsorgsbustad

### 2.1 Innleiing

For å få tildelt omsorgsbustad etter desse retningslinjene, må som hovudregel vilkåra i punkt 2.2-2.4 vere oppfylt. Det kan i enkeltsaker likevel gjerast unntak frå eitt eller fleire av vilkåra dersom det av ulike grunner blir vurdert som rett.

### 2.2 Bustadkommune

Søklar må vera heimeverande i Lom. Det vil seie at ein må ha bustadadresse i kommunen på søknadstidspunktet.

### 2.3 Nåverande butilhøve

Søklar sin nåverande bustad må vere vurdert som ueigna ut ifrå gjeldande funksjonsnivå. Søklar har behov for tilrettelagt bustad for å kunne oppretthalde evna til sjølvhjelp, og gjennom dette ha mindre behov for hjelp til dagleglivets aktivitetar.

Søklar har behov for eit trygt bumiljø.

### 2.4 Omsorgsbehov

Søklar har eit omsorgsbehov, jf. IPLOS-kartlegging.

IPLOS inneheld systematisk og naudsynt informasjon om søkjars situasjon og helsetilstand.

## Kapittel 3 – Søknad og søknadsbehandling

### 3.1 Søknad

Skriftleg søknad om omsorgsbustad sendast til Lom og Skjåk tildelingskontor. Søknadsskjema ligg på Lom kommune si nettside.

Naudsynt informasjon må fyllast inn i søknadsskjema for at søknaden skal vurderast. Viss det er manglar i søknaden vil saksbehandlar gje beskjed om det, og gje ein frist for å ettersende informasjon.

### 3.2 Vedtak

Det er Lom og Skjåk tildelingskontor som saksbehandlar søknadar om omsorgsbustad i Lom kommune. Søknadar blir drøfta i tverrfagleg samarbeidsmøte innan helse og omsorg, der relevante tenester er representert.

Vaktmeistertenesta i samarbeid med heimetenesta har ansvar for å syne fram bustaden, dersom dette er eit ynskje frå leigetakar.

### 3.3 Venteliste

Dersom det ikkje er ledige omsorgsbustadar tilgjengeleg og søkjar oppfyller krava under kapittel 2 i retningslinjene, blir søkjar sett på venteliste. Søkjar kan stå på venteliste i inntil 6 månader før ein må søkje på nytt.

### 3.4 Leigetid og oppseiing

For omsorgsbustader blir det gjeve ein tidsubestemt leigekontrakt.

Oppseiingsfristen skal vere tre månadar til opphøyr ved utløpet av ein kalendermånad, jamfør Husleieloven §9-6. Oppseiinga frå utleigar skal vere skriftleg og skal grunngjevast. Leigetakar har ei frist for oppseiing på 1 månad eller etter avtale.

### 3.5 Klagerett

Vedtak om omsorgsbustad kan klagast på etter forvaltningslova kapittel 6. Det er kommunen som er klageinstans for vedtak om kommunale bustader, medrekna omsorgsbustader.

Klaga skal

- sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket
- vere underteikna av klagar eller klagars fullmektig
- nemne vedtaket det klagast over
- seie noko om den eller dei endringane ein ynskjer
- grunngje klage

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet mottakaren har fått beskjed om vedtaket, jf. forvaltningslova §29.